

Framlegg

Forskrift om vern av Loen naturreservat, Stryn kommune, Vestland

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.202x med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare eit område som

- a) representerer ein bestemt type natur i form av gamal, fattig edellauvskog med særleg store, grove og ofte hule eiker som truleg utgjer den nordlegaste av sitt slag i landet.
- b) inneheld trua, sjeldan og sårbar natur med edellauvskog som har høg verdi for biologisk mangfald i indre fjordstrøk på Vestlandet med eit mangfald av artar, vegetasjonstypar og økologiske prosessar

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei

§ 2. Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Stryn kommune: 70/3, 6 - 8, 11, 13 - 15, 26.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 770 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3. Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav, eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Oppistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4. Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. beiting
- d. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- e. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i sikteline ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt

- f. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- g. vedlikehald av eksisterande stiar, og andre anlegg og innretingar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- h. utsetting av saltstein

§ 5. Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Sykling, riding og bruk av hest og kjerre er forbode utanom sti vist på vernekartet.

§ 6. Generelle unntak frå reglane om ferdsel

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøyet som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt storvilt med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvarets luftfartøy

§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- b. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- c. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- d. uttransport av felt elg og hjort med anna motorisert ferdsle enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- e. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag og etablerte plantefelt av gran, samt spreiding frå desse
- g. merking og rydding av nye stiar
- h. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 g og h og § 7 b, e og f.

§ 8. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. Forvaltingsplan

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. Forvaltingsstyresmakt

[*Namn*] er forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. Ikraftsettjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.